

	Aukra kommune	Arkivsak: 2014/800-2
		Arkiv: L32
		Saksbeh: Lolita Navickiene
		Dato: 18.06.2014

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
70/14	Formannskapet	30.06.2014

Høringsbrev - endringar i stadnamnlova

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet viser til brevet frå kulturdepartementet om framlegg til endringar i stadnamnlova, og støtter endringsforslaga.

Saksprotokoll i Formannskapet - 30.06.2014

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Formannskapet viser til brevet frå kulturdepartementet om framlegg til endringar i stadnamnlova, og støtter endringsforslaga.

Vedlegg

1 Høringsbrev

Særutskrift:

Bakgrunn:

Kulturdepartementet har sendt framlegg til endringar i stadnamnlova på høyring og ber om eventuelle merknader til endringsframlegget innan 2. september 2014.

Utgreiing:

Departementet føreslår å endre lova slik at eigaren av eit gardsbruk får rett til å bestemme skrivemåten av bruksnamnet, også når det er identisk med eit nedervd gardsnamn. Departementet har i tillegg gått igjennom fleire føresegner i lova og føreslår språklege og innholdsmessege endringar som skal gjere lova lettare å forstå.

I dag kan ikkje skrivemåten av namn på eit gardsbruk avgjerast av grunneigaren sjølv – viss namnet språkleg og geografisk er identisk med eit gammalt gardsnamn. Det er viktig å merke seg at stadnamnlova skil skarpt mellom bruksnamn og gardsnamn. Ein viktig regel til no har vore at eit bruksnamn som er identisk med namnet til garden bruket ligg under, skal skrivast som gardsnamnet det er utleidd av. Desse bruksnamna har altså det same vernet som gardsnamna. Målet med framlegget til lovrevisjon er å oppheve denne regelen og å overføre det avgjerande ordet i saker som gjeld skrivemåte av bruksnamn frå Statens kartverket til eigaren eller festaren.

Hovudframlegga til lovendring:

- Definisjonar, struktur og språk er gjort enklare og meir forståeleg.
- Namn på gardsbruk eller eigedom under eit gardsnummer skal få den skrivemåten grunneigaren eller festaren ynskjer, så lenge han kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentleg bruk. Det skal ikkje stillast strenge krav til dokumentasjon.
 - Skrivemåten av namnet som grunneigaren eller festaren ynskjer, skal kunne vedtakast utan lokal høyring.
 - Grunneigaren eller festaren skal straks få tilsendt språkfagleg tilråding, slik at han får direkte innsyn i dei momenta som har kome fram i høyringsrunden, og som kan styrkje eller endre oppfatninga hans.

Konsekvensane av framlegget til lovendring er at bruksnamna blir ein del av råderetten til kvar enkelt eigar eller festar. Dei vil dermed ha svakare vern enn gamle gardsnamn, sjølv om namna er samanfallande geografisk og språkleg. Namn på eigedom eller gardsbruk under eit gardsnummer kan etter framlegget ha ein skrivemåte som strir mot offisielt tilrådd skrivemåte, dersom eigaren eller festaren ynskjer det.

Dei foreslegne endringane synest å kunne gi ein større fleksibilitet med omsyn til namnsetjing og større lokal medverknad. Rådmannen støtter kulturdepartementet sitt forslaget til endring av stadnamnlova.

Dagfinn Aasen
Rådmann

Kjell Lode
Plansjef

Rett utskrift, 01.07.14

Anita Raknes Otterlei
Formannskapssekr.